

ikkje meiningslaust — ikkje eingong for ein halv kunstnar. For det hev vore mange kristne kunstnarar.

Men ikkje for deira skuld eller andre si skuld skal du verta kristen. Men for di eigi skuld. For du vil verta lukkeleg, og lukkeleg kann berre ein kristen vera.

Men so segjer du: eg hev prøvt og prøver, men fær det ikkje til. Då vil eg svara: du skal få det til — berre du vil. Men vilja må du. Vilja med all din hug og heile ditt hjarta.

Det å vilja verta ein kristen krev offer. Du lyst ofra avgudane dine. Ljugaren lyst slutta å ljuga, og stor-drøymaren lyst ofra draumen sin; alle lyst ofra sjølvkjærleiken.

Men so spyr du? Kva er kristendom? Er det frelsesarmestell og lækprekar-snakk? La slikt gå for det som det er. I katekisma di og i forklaringi di og fyrst og fremst i bibelen finn du kristendomen fram-synt. Og vil du ha ein serskilt rettleidar, so gå til Luther; få tak i postillen hans. Då kann det henda at du lyst sanna: dei fer ikkje so villt mange av lækpreikarane like-vel.

Og so vert du sjølv lukkeleg, når du gjev deg over åt Gud. Og det gjev full klárleik yver livet med det same.

Du ser at det viktigaste her i li-vet det botnar i *tru*. Du ser ditt ei-ge upphav og endemål: *Gud*. Og din største lengsel vert å koma attende til upphavet. Og so vert du barne-glad og sæl mitt i striden din.

Vil du, so kann du verta ein kristen no idag.

Lærar. («Olsok»).

### Heime.

*Heime du skulde vera  
trufast, god og mild.  
Der skal du krossen bera  
so lenge som Herren vil.*

*Der skal du tolmod læra  
og gløyma deg sjølv kvar dag.  
Der lyst ho gro den æra  
som er av det rette slag!*

*Heime skal barnet lydnad  
læra mot far og mor,  
finna den sanne prydnad,  
den fagraste her på jord.*

*Heime Gudsfreden byggjer,  
der veks du deg stor og sterke.  
Der du di framtid tryggjer  
og vigslar ditt mannaverk.*

*Der er den altarelden,  
som lyser på livsens ferd  
og kallar deg heim um kvelden,  
når du hev fullendt di gjerd.*

*Heime du finn den beste  
arbeids- og kvilestad.  
Der skal du hugen feste,  
der mor yver vogga bad.*

*Kann du so sidan femna  
vidar i verdi ut,  
gløym ei at mor må nemna  
deg stødt som sin beste gut.*

*Heime det rett skal røynast,  
um du din Frelsar hev kjær.  
Der kann det sjeldan løynast  
um berre du skrymtar er.*

*Heime la' Herren hagen  
der livet i kjærleik gror,  
der skal han gry den dagen  
då rettferdi rår på jord.*

*Heime du hev ditt tempel  
der Herren du tena skal,  
— vinna ditt adelsstempel,  
når tru du er i ditt kall.*

*Signe då Herren heimén  
for barn og for møy og mann,  
til eingong me ut or sveimen  
når heim att til livsens land!*

OLAV LANGELAND.

### Ung Noreg

Litterært tidsskrift for ungdomen.

Skriftstyre:

Conrad Clausen, Olaf Hanssen.

Kjem med eit hefte på 32 sider kvar månad. I kvart hefte kjem det livssoga og biletet av kjende nynorske bok- og bladmenn. — Desutan småstykke, dikt, utgreidningar o. m. a. Dei fleste nynorske bokmenn vil skriva i det. Vent tilbudd. — Kr. 6.— året.

Kann tingast på alle posthus og hjå utgjevaren, Erik Gunleikson, Risør.

### Bladmannaskulen

gjev opplæring i bladarbeid ved brevbytte. Plan fritt.

Bladstyrar HANS AARNES,  
Bygdøy, Oslo.

### Solglimit

månadsblad for Norsk vanføresak —

kjem ut i Alvo, pris kr. 2,00 um året. Meldingar, utgreidningar um saki frå inn- og utland, forteljinger o. a. Styd vanføresak i ved å tinga bladet!

### FRAM

14-dagleg tidsskrift, utgjeve av studentmållaga i Oslo, Nidaros og Aas. Kostar berre kr. 1,50 kvartalet. Fritt og friskt.

### Bendeungdomslaget, Stavanger

Matstova, Øvre Holmegt. 20

Kaffistova, Torget 6

Kaffistova, Østervåg 25.

GOD MAT OG GODT STELL.

Kaffistovone åt mållaget  
Haugesund.

Telengarden Torget og Haraldsgt. 126  
ved Landmannstorget.

Framifrå stell.

Beste og billegaste matstover i byen  
Husbanad i norsk stil.  
Stort bladhald.

STILLE STUNDER kjem ut i Volda kvar 14. dag og kostar med sendepengar kr. 3.00 for året. Tingarsamlarar fører for 5 løyste blad det 6te fritt. Kan tingast på alle poststadar i landet. Uppsegjingar av bladet må vera komne til sendestova innan utgangen av halvåret. Elles stendtingi fast. Tilkrift til styret og sendestova er fru sokneprest Barstad, Volda



Nr. 3.

15. februar 1935.

47. årgangen.

Men då kom det.

Eg hadde vore mange år ute i verdi, og mor hadde skrive til meg — for ho var so flink til å skriva.

Brevi hennar samla eg sidan etter datum og årstal og hev deim, ein dyrverdig skatt.

Det snørde seg kring bringa mi og hjarta mitt sveid.

Mor død. Burte. Det var uten-kjeleg. Ho som hadde fyllt mitt barneliv med kjærleikens solskin, og som hadde gjort det so selt og trygt å liva.

Me hadde vore saman framme i dalen og gjætt um sumaren mor og eg. Det var ein fager solskinsdag, og mor som var naturelkar, hjelpte meg å sjå naturfagerdomen, då me stod på Høgenakken. Men ho elskar og Gud, og Gud og himmel og den fagre natur flaut saman i mi barnesjel til eit därande even-tyr, der mor var midti.

For ein säl dag!

No kjende eg den skjerande mot-setning. No var det myrke natti som seig neddyver meg, natt med kulde og storm og snødriv, og eg fraus og skolv, medan eg bad til Gud for mor.

Men mor vart frisk og dagen rann å nyo med solljos og sæla. Og det gledde meg, at det som hadde vore so skremande nær, no hadde flutt langt burt i framtid. Det sat att berre ein liten sår flekk, ei minning um, at det kunde henda eingong.

Men Gud var god. Mor fekk liva mange, mange år, til me alle var vaksne og hadde funne livsyrket vårt.

millom framande i den färlege stor-byen.

Eg fann fram siste brevet, som eg nyst hadde fenge, las det og vatte det med tåror.

Eg var midt i eksamen, so det var uråd å fara heim til gravferdi.

Den ågen ho skulde førast til gravi, gjekk eg upp på Vestre Akers kyrkjegard og sette meg på ein benk på biskop Jorgen Moe si grav. Det var ein fager sumårdag. Og der var so stillt millom gravene.

Eg hadde fenge brev um hennar død. Ein fager kristendød. «Er dette døden, so må de takka Gud,» hadde ho sagt. Ho hadde berre ottast ein hard dødsstrid. Elles var ho ferdig. Ho hadde skrive ein brev-lapp med skriftord til kvar av oss 6 borni. På lappen min hadde ho skrive med litt skjelvande hand:

«Eg vil visst ikkje sleppa deg og visst ikkje forlata deg.» Hebr. 13, 5. «Ja, med æveleg kjærleik hev eg elskar deg, difor hev eg drege deg med miskunn.» Jer. 31, 3. (Den eldre umsetjing; i den nyare heiter det: «Difor hev eg gøynt mis-kun å deg».)

Kor store og innhaldsrike desse ordi no var for meg, mi mors testamente!

Eg sat millom gravene, men mi sjel var heime ved mors kiste i den kjære heimen. No bar dei henne ut! No gjekk dei med henne til kyrkjegarden, no seig hennar kiste ned i gravi!

Og den kjende gamle kyrkjeklokka fyllte lufti med sine kjære ved-kjømelege tonar, som no klang so sorgtunge: mor, mor, mor.

Ei heil elv av fagre barneminne um livet ved mor si side strøymde gjennom mi sjel.

Mor var nok død, men for meg hadde ho aldri vore meir livande enn no. Minnet teikna so klårt bi-letet hennar. Ordì hennar vart so underleg livande, dei gode ordì ho hadde tala um Jesus, då eg sat på fanget hennar, dei åtvarande ordì, når eg skulde fara nokon stad, dei tuktande ordì når eg hadde vore med på noko som ikkje var godt, og dei trøystande ordì, når noko stod på. Kor eg tykte eg kjende den mjukle handi hennar, mjuk som in-gi onnor hand, endå ho var hard av slit. Kor hadde ikkje ho turka tårone mine, når ei eller onnor Barnesorg hadde teke meg. Kor hadde ho ikkje vakt attved sengi når eg låg febersjuk.

Ingen, ingen i den vide verd var som mor. Det kjende eg fyrst rett no. Å, alle feti ho hadde gjenge, og mædone ho hadde bore, og alle dei offer, ho hadde gjort — stillt, kravlaust, utan å få takk eller krevja takk!

Kor livande dette stod for meg no.

Dette hjarta, som hadde slege varmast for meg og hadde tenkt mest trufast på meg og bore umsorg for alt, slo ikkje meir. No vart det lagt i gravi.

Og når klokka no ringde sine velfartonar yver mor si grav, so klang dei i mine tankar med bod frå henne, som no var heime hjå Herren. Dei vart til tonar som lokka og drog fram til attersynet i dei ævelege bustader.

Alt hjå mor samla seg til ei sterk makt som drog meg upp til Gud. So eg måtte alt no sanna Gustav Jensens ord: «Ho vil ikkje verta til mindre signing no ho er død.»

I dette som eg her hev sagt ligg verdet av ei avlidi mor, ei mor som ein berre hev i minnet.

Medan me nyt eit gode, hev me ikkje alltid lett for å skyna på det. Det, me hev nær inn på livet, ser me so ofte helst veilone hjå. Me må få det på avstand for å sjå det gode og verdfulle.

So gjeng det so tidt med mor.

Men når ho er komi under torvi og hennar rom er tomt, då lærer saknaden oss å skyna på kva me hev misst.

Me ser ei blenkjande stjerne. Men ikkje alle stjernor er soler. Dei kann vera berre klotar, som er svarte i seg sjølv som vår eigi jord. Men fordi dei fær glans yver seg frå soli, og denne glansen ved den store avstand samlar seg i ein sterk strålebunt, vert dei skinande som små soler.

Mor er nok eit menneske med mange veilor som andre menneske. Men var ho ei god mor, so hadde ho meir eller mindre av ljós ifrå Gud yver seg. For alle morskjær-leikens herlege eigenskapar er atterglans av den ævelege kjærleiken.

Og når ho er burte og soleis liver i minnets fråstand, so samlar denne ljøsglansen seg til ei fager stjerne, som lyser yver barnet sin veg.

I den glansen er ho sterkare enn nokosinne. Ordì hennar verkar med trifald makt. Og hennar fyredome øver sterkare draging. Gud vere takk for desse stjernor! Deira signingsrike innverknad er større enn nokon kann mæla.

Eg vilde ynskja, at dei mørdrer som liver idag, måtte setja som sitt mål eingong å verta for borni som liver att ei sovori stjerne, som vin-kar burt frå det låge og vonde og heim til Gud. Då skal dei ikkje berre vera til signing medan dei liver, men verta det endå meir, når dei er gjengne burt.

Johannes Barstad.

## Frå høge himmel kjem eg her.

Alle kjenner Luther sin jolesalme: «Frå høge himmel kjem eg her», men kanskje ikkje so mange kjener til, korleis han vart til. Det hadde seg soleis:

Sundagskvelden fyre jul 1535 steig Luther, klædd i prestekjolen sin, ut av sakristidøri i slottskyrkja i Wit-tenberg. Med same han gjekk heim, kom ein mann i ei sliti kappe burt åt honom. Det var meister Kasper, bymusikussen. Honom pålåg det um joleveldene med songkoret sitt av fatige skulegutar å syngja ein jolesong frå kyrkjetårnet.

Kor underlege Guds vegar er! Island hev visstnok ått menn, som kjende Gud og tente honom med eit viljut hjarta, som vigde livet sitt til å breida ut Guds rike, rett-tru-ande, — men so langt eg kann sjå hev Gud gjeve oss berre ein verke-leg folkeforkynnar, berre ein evan-gelist, ein korsets herold, som greidde å få dei mange i tale, ein Gud-vigd, til å syngja korset inn i folks

med alle slags skjelmstykke medan dei skal syngja. Eg meinat det er på tide me no også bles godt tysk».

Luther lovde å få til ein sovoren song. Og då han kom heim, sette han seg — mot kya han elles gjorde um sundagane — til skrivebor-det sitt, noko kona hans undra seg storleg yver.

Han las og tenkte og skreiv, tok luten sin og slo på strengene, skreiv notar på eit papir, og neste morgen gjorde han det same.

Då kvelden kom, ropa han med glad røyst kona og borni inn til seg.

No song han for fyrste gong den herlege jolesalmen: «Frå høge himmel kjem eg her», medan alle lydde på med stor åhug. Og um jolevelden klang han med ein gong som ein englesong frå himmelen, frå det høge kyrkjetårnet ut yver byen.

For fyrste gong hørde Wittenberg-folket på sitt kjære tyske mål i den maneljose natti med den glitrande snø:

Frå høge himmel kjem eg her,  
og tidend god til jord eg ber.  
So fager bod eg fører med,  
og derum no ein song eg kved.

## Hallgrímur Pjetursson.

(Etter Olafia Johannsdottir).

Året 1914 høgtida Island tri-hundradårsminnet åt sin største skald.

Hallgrímur Pjetursson er fødd 1614, 20 år fyre Kingo og 60 år fyre Brorson. Gud gav soleis nordlandi desse 3 «Israels ljuvlege son-garar» i det same hundredår. Han sende deim i den tid han sjølv hadde sett med den bodskapen han la i hjarto deira og på deira tunge for sidan å lata det ljoda i Nordlandi ned gjennom alle tider.

Kor underlege Guds vegar er! Island hev visstnok ått menn, som kjende Gud og tente honom med eit viljut hjarta, som vigde livet sitt til å breida ut Guds rike, rett-tru-ande, — men so langt eg kann sjå hev Gud gjeve oss berre ein verke-leg folkeforkynnar, berre ein evan-gelist, ein korsets herold, som greidde å få dei mange i tale, ein Gud-vigd, til å syngja korset inn i folks

hjarto. Og det er Hallgrímur Pjetursson.

Island var i den tidi so å segja heilt utesengd frå verdi. Skipi våre var søkta og bruene brende. At det for ein stor lut var oss sjølve som var skuld i det gjorde øket berre tyngre. Etter reformasjonen vart folket sine kår enno trøngare. Kongen tok kyrkjegodset, og forvaltarane hans av eigedomane trælbatt og pinte bøndene ut. Skrämelege vulkanske utbrot og jord-skjelv øydelagde store bygder. Det var eit Guds under, at ikkje folket døydde ut, når ein kjem ihug, at til dette kom farsotter, som herja heile landet.

I slutten av det 18. århundrad var folkemengdi sokki ned til ein 3djedel av det ho var i landet si blømingstid. Og desse 35 tusund menneske var spreidde yver eit areal 3 gonger så stort som Dan-mark.

Men i sitt djupaste forfall sovel som i sin gullalder elska dette folket soga og song. Diktarevna livde hjå deim. Det dei hørde, lærte dei og hugsa. I dei fatige kalde husi sat dei saman unge og gamle, medan snjoen hauga seg til berg yver dører og vindauge, og vinden kvein og kvirvla seg rundt, — og dei fortalte og lydde etter og song, som um det var ved hirdfestane i gamle dagar.

Det gjekk vel år og dag utan kyrkjegong for mange. Det låg vel folk og venta på døden både her og der på dei avsides gardane langt frå kyrkje og prest. Samvi-tet fullt av skuld og klagemål fam-la og leitte i dødsangsten — eller det kunde vera at det sov og slett ikkje tenkte på anna enn noet med naudi si. Der var ingen til å vek-ka og rettleida og trøysta.

\*  
Hallgrím sin far Pjetur var tri-menning til den kjende biskopen på Holar Gudbrandur Thorlaksen, som gjorde honom til klokkar på bispe-setet. Hallgrímur fylgte til Holar med farenn. Der lærde han å lesa og skriva og tok sidan til å studera ved skulen. Ein veit ikkje visst, kvifor han forlet skulen, fyrr han vart ferdig. Han reiste då først til Glückstadt (i Holstein attved Elben) og derpå til Kjøbenhavn. Der råka han Brynjølfur Sveins-

## Dei gamle.

*So mange gamle so einsleg går  
når det kveldar.  
So lite sol på sin veg dei får,  
når det kveldar.  
So lite glede deim livet gav,  
og ljose voner dei bleiknar av,  
når det kveldar.*

*Den nye tidi dei finn tidt rar,  
når det kveldar.  
Dei unge sjeldan deim skyna har,  
når det kveldar.  
Dei vert so utan um eitt og alt,  
og livet, det vert so einslegt, kaldt,  
når det kveldar.*

*Til deg du ungdom dei trøystar seg,  
når det kveldar.  
Å, send litt solskin på deira veg,  
når det kveldar.*

*Å, lat deim vita, du har deim kjær,  
og at dei ikkje tilovers er,  
når det kveldar.*

*For oss dei stridde, dei kvile treng,  
når det kveldar.  
Det utakk er, um dei gløymde gjeng,  
når det kveldar.  
Og vel me unge bør tenkja på,  
korleis me sjølve det helst vil få,  
når det kveldar.*

henne, men vunni for Gud vart ho visst ikkje so langt ein kunde sjå. Det ser ut til at Gud ved dette ekteskap hev tillate myrkrets og vill-faringi sine krefter på ein leid måte å plåga honom, so han stendig laut vera budd til strid, og at dette hev ført honom alltid djupare inn i røynsla av Jesu utlösingsverk.

I 1644 vart han av biskop Bryn-jølfur vigd til prest. Presteembetet rykta han til 1669 upåklageleg soleis som visitas meldingane syner, ja med stor ihuge for Herrens sak.

I dei yngre åri var han sterk av helse. Men då han var 50 år vart han fengd av spillsykje. Og denne skrämelege sykja herja frå no av hans liv, til han 27. oktober 1674 døydde, heilt blind og dekket med sår.

(Meir).

## Livsspursmål.

Du vil verta lukkeleg? ikkje sant? Du vil vinna klårleik yver livet og ro i sinnet, og du vil eiga kjærleik og fred. Ja, alle vil det — alle som tenker og lengtar.

Men du finn ikkje det du sökjer etter. Du synest berre du vert to-mare og tomare for kvar dag. Hugen er like fredlaus og hjarta like steinhardt.

Kann hende du prøvar å skriva dikt for å roa deg. Diktet gjev ei lise. Men ikkje diktet heller hjel-per deg. Og gjeng du i teatret eller i ungdomslaget og vil freista å njota kunst- og selskapsliv, so kjen-ner du etterpå at ikkje slike heller fyller di djupaste hjarteterong. Ja, ikkje sannt? Eg hev sjølv prøvt det.

Nei, eg skal segja deg kva du skal gjera, dersom du vil verta lukkeleg; du skal verta ein livan-de kristen. Prøv å liva deg inn i bibelen i staden for å gruvla yver alle slag kunstbøker. Han hjelper deg ikkje kunsten i det viktigaste livsspursmålet.

Men er ikkje det å verta ein kristen eit for strengt krav og på ein måte eit meiningslaust krav?

Er ikkje kristenliv det same som einebuarliv, eit myrklosterliv eller kva du vil kalla det. Nei slett ikkje. Å verta ein kristen det er